



Høgdepunkt i gardsbarnehagen i fjor!

Godt jobba!

Desse orda står å lesa i tilbakemeldinga frå kommunen om årsplanen frå Dønhaug gardsbarnehage for dette skuleåret. Årsplanen er konkretisering av den ein skilde barnehage sitt arbeid som ei pedagogisk verksemd.

Det er i samband med punktet om godkjenning av planen denne rosen kjem fram. Kommunen slår fast at barnehagen har klare mål og tiltak å retta seg etter. Samstundes er planen så open at den gjev godt grunnlag for detaljplanar med utgangspunkt i det som er viktig her og no.

Satsingsområda og barnehagekvardagen er tydeleg retta inn mot gardsbarnehage - det er samanheng mellom visjon og mål.

Barns medverknad er synleg fleire plassar, mellom anna i dokumentasjons- og vurderingsarbeid, og det er bra. Planen er eit godt utgangspunkt for refleksjon og vurdering, held leiinga fram i tilbakemeldinga.

Den held også fram at planen er oversiktleg og har godt språk og at illustrerande bilete gjev leselyst og livar opp.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen